



Ulla Skulehus Haramsøy
Skjpa 11. april 2009 Bygd i 1886

Styremøte Ulla Skulehus 24. september 2017

Møtestad: Ullahammaren 24

Til stades: Knut Hallvard Ulla, Randi Ulla Nogva og Peder Ulla

Sak 1 2017/2018

Elektrisk straum

Installasjon av elektrisk straum er fullført med unnatak av eit par punkt inne og utlampe. Jarle Åkre gjer det ferdig snart. Vi har betalt rekning frå el.firmaet for utstyr og materiell på ca kr 27000. I tillegg kjem dekning av utgifter for Jarle, pluss godtgjersle for han som ikkje er betalt.

Sak 2 2017/2018

Kjøp av oppvaskmaskin

Randi har undersøkt og vurdert ulike alternativ. Vi vil ha ei oppvaskmasin som vaskar fort. Vi går inn for ei slik maskin med steam med svært kort program. Anslag på pris kr 18 000.

Vedtak: Randi undersøker nærare og går til innkjøp av oppvaskmaskin.

Sak 3 2017/2018

Varmepumpe

Vi vil installere varmpumpe så snart vi har økonomisk dekning for det. Det er snakk om ein pris på ca 25000 kr. Randi skal søkje om støtte frå Sparebanken Møre innan søknadsfristen 1. oktober 2017. Alternativt kan vi få til rentefri kreditt hos leverandør Oddgeir Ottelei. Det er behov for ei synfaring for å avgjere plassering av utedel og innedel. Peder og Knut tek kontakt med Oddgeir i haustferien for å få til ein avtale med Oddgeir.

Sak 4 2017/2018

Likviditet

Vi har pr i dag innestående på bank kr 57 134. Så ventar vi krav frå Jarle på arbeid og materiell, forfall på kommunale avgifter, forsikring og straum på til saman vel 20 000 kr.

Knut Hallvard Ulla
Skrivar